

Fra: Trude Brosvik
Sendt: 30. juli 2014 15:23
Til: Nils Asbjørn Gjerland
Kopi: Ingebjørg Erikstad
Emne: Kystpilegrimleia 2014

Hei!

Eg har hatt gleda av å vere med på opninga og markeringa av Kystpilegrimleia, som representant for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kystpilegrimleia er eit verdiskapingsprosjekt, og samarbeid mellom Riksantikvaren, fire bispedømme og fem fylkeskommunar. Som representant for kulturutvalet var eg med frå Bergen til Selje, der vi besøkte Gulatinget, Kinn og Selja (hovudmarkering). På veg frå Bergen hadde eg foredrag om lokal verdiskaping knytt til kultur, med hovudvekt på mi erfaring med Gulatinget. I Eivindvik, som var første stopp i Sogn og Fjordane, hadde eg glede av å ønske Velkomen til fylket og fortalde då meir om fylket og kystkulturen. På Kinn hadde fylkesordførar Jenny Følling helsing til Pilegrimsleia og på Selje representerte hovudutvalsleiar Nils Gjerland det politiske Sogn og Fjordane.

Frå fylket vårt er vi så heldige at vi har tre solide stoppestader med i leia denne gongen. Selja er sjølvskreven og på høgde med Nidaros, som pilgrimsmål. Det var første pilgrimsmål i Norge og første bispesete på Vestlandet. Kinn har ei vakker og særeigen middelalderkyrkje som ligg i eit vakker område. Begge desse er del av Sunniva-legenden og tradisjonen. Gulatinget var også ein svært viktig plass i middelalderen og Gulatingslova har i tillegg til å vere eldste skrivne lov i Norden, eit eige sett av lover om korleis samfunnet skulle verne om pilegrimane.

Læring og til seinare bruk:

God guiding er vesentleg. Det vart særleg sett pris på og vekte åtgaum, at guidinga vart gjort av lokale ungdomar. (Gulen og Kinn).

Opne kyrkjer der lokale tilsette hadde kveldssong, morgon bøn ell likn. Godt tilrettelagt med trykte program, som gjorde at tips lett kunne takast med heim.

Lokale ordførarar (vara) helsa og skreiv under budstikka alle kommunar vi var i. Det var litt skilnad på kor aktivt kvar enkelt kommune stilte opp. Dei "lure" var med båten frå stoppet før eller til stoppet etter og knytte kontaktar. (Ordføraren i Vanylven var kanskje den som var flinkest til det.) Både Selje og Eivindvik har utfordring med at dei manglar djupvasskai. Noko som vart løyst med bording av lokal skyssbåt.

I Florø brukte vi ein heil dag. Det var fire ulike alternativ. Mange gjekk Sunnivaleia over Reksta og Kinn. Det er klart at det strålende vêret vi hadde, var med å gjere heile reisa svært vellukka.

Prosjektleiar Annette må ha gjort ein kjempejobb med organiseringa sidan mai, då ho vart tilsett.

Noko vart nødvendigvis litt på sparket. Særleg sidan dette var midt i ferietida, og vanskeleg å få fatt i folk. Eg trur heller ikkje vi som politikarar var nok merksame på at dette var ein viktig politisk arbeidsarena for å påverke framtida til Kystpilegrimleia som verdiskapingsprosjekt hos Riksantikvaren.

Riksantikvaren er full av lovord om leia, og særleg om Selja.

Det vart også tatt opp frå ein av Riksantikvaren sine tilsette at fylket burde sjekke muligheten for UNESCO-nominering av Gulatinget på det programmet som handler om immaterielle verdier.

Det var mykje informasjon på kort tid mange stader. Rådmannen i Gulen hadde løyst det på ein flott måte med ei innholdsrik mappe til kvar enkelt som dei kunne lese på seinare.

Elles var det lokale foredrag frå presten i Kinn om arbeidet med boka Opptur på kysten, og frå Kinn bryggeri.

Reisa var både kjekk, interessant og lærerik. Eg er taknemlig for at eg fekk sjansen til å vere med. Og då billetten " gjekk ut" i Selje, valde eg å forlange han for eiga rekning og vere med til Trondheim.:)

Kanskje beste attest for eit vellukka opplegg og flott tur ned veteranskipet / hurtigruteskipet "Nordstjernen"?

Mvh. Trude Brosvik